



Justis- og
beredskapsdepartementet
Berit Johansen

Kommuneleinga

Sakshandsamar

Irene Søreide
Tlf. 57 78 20 07

Vår referanse

22/170 – 22/4607

Dykkar referanse

Dato

26.04.2022

Høyring av endringar i domstolstruktur

Vedlagt fylgjer høyringsuttale frå Gulen kommune.

Med helsing

Irene Søreide
Rådgjevar

Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur

Bruk gjerne [eDialog](#) for å svare oss på dette brevet. Oppgi referansenummer 22/170. Les meir om eDialog på <http://www.gulen.kommune.no/kontakt-oss>

Vedlegg:

Høyringsuttale frå Gulen kommune vedk. domstolstruktur





Høyringsuttale frå Gulen kommune vedk. domstolstruktur

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
021/22	Formannskapet	07.04.2022

Behandling i Formannskapet 07.04.2022

Felles framlegg:

Gulen kommune fekk endra rettskrets i samband med domstolsreformen i 2021. Dette gav uheldige konsekvenser for kommunen.

Kommunen ynskjer å få endra rettskrets tilbake til den rettskrets som ligg i Bergen – (Hordaland tingrett frå 26.04.2021).

Vi kan elles ikkje sjå at rettstryggleik og effektivitet ikkje vil kunne kompensera med tiltak som felles leiing, samarbeid og fleksibilitet mellom rettstadene.

Handsaming og røysting

Røysting

Felles framlegg frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet FSK sak 021/22

Gulen kommune fekk endra rettskrets i samband med domstolsreformen i 2021. Dette gav uheldige konsekvenser for kommunen.

Kommunen ynskjer å få endra rettskrets tilbake til den rettskrets som ligg i Bergen – (Hordaland tingrett frå 26.04.2021).

Vi kan elles ikkje sjå at rettstryggleik og effektivitet ikkje vil kunne kompensera med tiltak som felles leiing, samarbeid og fleksibilitet mellom rettstadene.

Vedlegg	Dok.ID
Høyringsnotat - endringar i domstolstruktur	259821
Adressatliste - endringar i domstolstruktur	259822
Høyring av endringar i domstolstruktur	259823
Fylgjeskriv	259824

Bakgrunn for saka:

Justis og beredskapsdepartementet har sendt forslag om endring av domstolstruktur

på høyring. Dei aktuelle spørsmål for høyringa er domstolstruktur, felles leiing av domstoler og elles forslag til endringar for å gjere mindre domstoler mindra sårbar, dersom ved ein reversering av domstolsstruktur.

Høyringsfrist er sett til 26. april 2022.

Saksvurdering og konklusjon:

Domstolsreformen i 2021 fekk den konsekvens for Gulen kommune at rettskrets ble endra frå tidlegare Bergen tingrett til Sogn og Fjordane tingrett. Grunngevinga var, etter det vi har oppfatta, å styrke rettskretsen som kommunen ble flytta til.

Denne endringa fekk fleire uheldige konsekvenser. Ein konsekvens var ei mindre kostnadseffektiv og robust forlikrådsløysing. Kommunen måtte tre ut av eit etablert samarbeid med nabokommune, Masfjorden, om felles forliksråd. Årsaka var ulike rettskretsar på dei samarbeidende kommunane. Føresetnadane for meddommarane ble òg endra kva gjeld reiseveg og anna.

Sett frå kommunen sin ståstad er kommunereformen ikkje så forankra at den ikkje kan reverserast. Kommunen ynskjer i alle høve å få endra rettskrets tilbake til den rettskrets som ein hadde før reformen – (Hordaland tingrett frå 26.04.2021).

Vi kan ikkje sjå at rettstryggleik og effektivitet ikkje vil kunne kompensierast med tiltak som felles leiing, samarbeid og fleksibilitet mellom rettstadene.

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Gulen kommune ser ikkje at kommunereformen er så forankra at den ikkje kan reverserast. Kommunen fekk endra rettskrets i samband med domstolsreformen i 2021. Dette gav uheldige konsekvenser for kommunen.

Kommunen ynskjer i alle høve å få endra rettskrets tilbake til den rettskrets som ligg i Bergen – (Hordaland tingrett frå 26.04.2021).

Vi kan elles ikkje sjå at rettstryggleik og effektivitet ikkje vil kunne kompensierast med tiltak som felles leiing, samarbeid og fleksibilitet mellom rettstadene.